

1. Bygget skal plasserast i samsvar med revidert situasjonsplan motteken 08.10.2007. Kontroll av plassering skal utførast av kontrollansvarleg landmålar før arbeid med grunnmur / ringmur vert sett i gang, **og dokumentasjon med koordinatar og høgdeplassering skal sendast til kommunen omgåande.** Det skal også sendast inn tilsvarande dokumentasjon på ferdig bygg (PBL § 70 nr. 1).
2. Det kan ikkje leggjast inn vatn, eller installerast sanitæranlegg i hytta før felles VA-anlegg er etablert (Forurensingslova).

Igangsettjingsløyve:

Vedtaket omfattar og igangsettingsløyve for graving, sprenging og planering av tomt, jf. søknad om igangsettingsløyve datert 25.09.07.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år (jf. Pbl § 96).

Godkjenningar i samsvar med Pbl §§ 93 b, 98 og 98a.


Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

SØK	Ansvarlig søker	Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS
PRO/KPR	Prosjektering av byggetiltak	Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS
UTF/KUT	Anleggstiltak, slakkarmert eller uarmert betong ✓	Odd Haugen Maskinstasjon AS

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottek vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skrifleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak9 og kva endringar De som part ynskjer, Klagen skal grunngjevast.

Med helsing


for Tor Hegle
Fagleiar byggesak


Frode Moum
rådgjevar byggesak

Kopi:

Nils Paulsen, Lynghaugen 5, 5038 Bergen.
VVA, teknisk drift, her.

VEDLEGG I. 1.



Arkitektkontoret Vaardal-Lunde AS
Postboks 1809 Nordnes
5816 BERGEN

Dykkar ref.
07010.002

Vår ref.
2007/1781 - /2007

Saksbehandlar – tlf.
Frode Moum – 56 37 56 73

Arkivkode
81/58

Dato
17.10.2007

Delegert sak

Rammeløyve – fritidsbustad – nybygg – Gbnr 81/58 (tomt nr 9) – Risøy. Igangsettingsløyve for grunnarbeider

Vi viser til søknad om rammeløyve, motteken 20.07.2007, til reviderte teikningar og søknad om igangsettingsløyve motteken 08.10.2007. Til søknaden ligg vedlagt:

- Teikningar og terrengprofil
- Situasjonsplanar
- Søknad om ansvarsrett
- Kvittering for sende / mottekne nabovarsel
- Kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing / Vurdering:

Søknaden gjeld bygging av hytte i nytt felt. Det er søkt om felles anlegg for vatn og avløp, samt utsleppsløyve for feltet, men løyve er enno ikkje gitt. Det kan difor ikkje godkjennast sanitærinstallasjonari i hytene enno.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

C 3.3. Søknadspliktige tiltak (Pbl§93)	
Basisgebyr. Tiltaksklasse 1	7.800,-
Tilleggsgebyr (Middels)	6.400,-
Sum	14.200,-

Sakshandsaming:

SAK§23, sett ein sakshandsamingsfrist for søknad om rammeløyve på 12 veker frå saka er komplett. I denne saka måtte ein fleire gonger purre ansvarleg søkjar på manglande dokumentasjon.

Vedtak:

Søknad om rammeløyve etter plan- og bygningslova §§ 93 og 95a, vert godkjent i samsvar med innsende reviderte teikningar, planar og utgreiingar på følgjande vilkår:



LINDÅS KOMMUNE
Teknisk drift

Lindås Rør & Sanitær AS

Burkhovdane 1
5914 Isdalstø

Dykkar ref. Vår ref. Saksbehandlar - tlf. Arkivkode Dato
2007/1781 - 0 - 1278/2009 Kari Elisabeth Io - 56 37 56 77 81/58 20.01.2009

Søknad om tilkopling og utføring av sanitæranlegg - nybygg hytte.

Nils-Kristian Paulsen - gnr.81 bnr.58 - Risøy.

Vi viser til søknad m/ vedlagt planteikning og situasjonsplan, motteke 21.11.08.

Adresse byggjeplass : Risøy, 5955 Lindås
Type bygg : Nybygg hytte.
Type arbeid : Tilkopling og utføring av sanitæranlegg.
Kommunal vassforsyning. Avløp til felles privat slamavskiljar
for hyttefeltet.

SØKNADEN ER GODKJENT PÅ FØLGJANDE VILKÅR:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnement for vatn og avløp.

Dersom det må nyttast trykkauking/reduksjonsventil grunna for lågt eller høgt trykk, er det konsulent/ansvarleg sækjar/rørleggjar sitt ansvar å undersøkje om det er naudsynt, og utførande rørleggjar/abonment sitt ansvar å sørgja for og kosta dette. Utforming av anlegg for trykkauke skal beskrivast/teiknast og godkjennast spesielt, før endeleg tilknytning vert utført, jmf. "Normalreglementet".

Det skal varslast for kontroll, trykkprøving og innmåling av leidningsnettet.
Eigenkontrollskjema skal førast av rørleggjar, og sendast VA-avdelinga straks arbeidet er avslutta.

Rekning for tilknytingsgebyr vatn følgjer vedlagt til sækjar, og ein gjer merksam på at arbeidet ikkje må ta til før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

for
Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift

Kari Elisabeth Io
Kari Elisabeth Io
saksbehandlar

Kopi til: Nils-Kristian Paulsen, Lynghaugen 5, 5038 Bergen

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 56 37 50 00	Bankkonto: 6501.06.91790
Kvernhusmyrane 20		Telefaks: 56 37 50 01	Organisasjonsnr: 935 084 733
5914 Isdalstø			
E-post: postmottak@lindas.kommune.no		Heimeside: www.lindas.kommune.no	Kartside: www.nordhordlandskart.no

VEDLEGG J.2.

SØKNAD OM TILKOPLING OG UTFØRING AV SANITÆRANLEGG

Eg / vi søker med dette om løyve til tilkopling og utføring av sanitæranlegg i medhald av gjeldande avgiftsføresegner og reglement for sanitæranlegg.					
Til Teknisk etat i <i>Lindås Kommune</i>					
Byggjeplass/eigedom, adresse <i>Risøy, 5955 Lindås</i>		Matr. nr.	Gnr.	Bnr.	Parsell nr.
Eigar/festar av eigedom og sanitæranlegg <i>Nils Paulsen</i>		Adresse			
Ansvarshavande rørleggar					
Type bygg (sett x)					
<input checked="" type="checkbox"/> Boligbygg / <i>Hytte</i>	<input type="checkbox"/> Forretnings-/kontorbygg	<input type="checkbox"/> Industribygg			
<input type="checkbox"/> Skole/forsamlingshus	<input type="checkbox"/> Annan bygning				
Type arbeid (sett x)					
<input checked="" type="checkbox"/> Nyanlegg	<input type="checkbox"/> Omlegging	<input type="checkbox"/> Anna arbeid			
<input checked="" type="checkbox"/> Vatninstallasjonar	<input checked="" type="checkbox"/> Utvendig installasjon -avløp				
<input checked="" type="checkbox"/> Vatninstallasjonar innvendig	<input checked="" type="checkbox"/> Innvendig installasjon -avløp				
<p>Installasjonsarbeida vil bli utført i medhald av gjeldande lover, føresegner og reglement, eventuelt med dei endringar som måtte bli gitt ved installasjon.</p> <p>Som eigar av anlegg/eigedom vil eg rette meg etter dei til ein kvar tid gjeldande sanitær- og avgiftsføresegner.</p>					
Stad <i>Isdalstø</i>	Dato <i>4/9-08</i>	Stad <i>Isdalstø</i>	Dato <i>4/9-08</i>		
Underskrift av eigar <i>Nils Paulsen</i>		Underskrift av ansvarshavande rørleggar <i>LINDÅS BORG</i>			
<p>FOR KOMMUNEN SI HANDSAMING AV SØKNADEN - IKKJE SKRIV HER!</p>					
Vedtak					
<input type="checkbox"/> Søknaden er godkjend på følgjande vilkår:			<input type="checkbox"/> Søknaden er ikkje godkjend fordi:		
Stad		Dato			
Underskrift					
Anlegget er godkjend					
Stad		Dato			
Underskrift					

Før